



Saksbehandlar: Jenny Ellaug Følling, Fylkesordførar  
Sak nr.: 16/2313-5

## Stad skipstunnel - Intensjonsvedtak om utgreiing

### Fylkesordføraren tilrår at fylkesutvalet gjer slikt intensjonsvedtak:

1. Fylkesutvalet i Sogn og Fjordane stiller seg positive til å greie ut moglegheita for ein hurtigbåtforbindelse mellom Bergen og Ålesund.
2. Fylkesutvalet er innstilt på å starte dette arbeidet når Stortinget har gjort forpliktande vedtak om bygging av Stadt Skipstunnel, og vil dekke høvesvis 1/3 av utgreiingskostnaden knytt til etablering av eit eventuelt hurtigbåttilbod Bergen-Ålesund.
3. Fylkesutvalet føreset at Hordaland og Møre og Romsdal gjer likelydande vedtak og tek resterande utgreiingskostnadar.

---

## SAKSFRAMSTILLING

---

Stad skipstunnel er eit svært viktig prosjekt å få realisert ikkje minst for den nasjonale skipsfarten langs kysten, men er også eit viktig regionalt og lokalt prosjekt. Stadhavet representerer det farlegaste havstykket langs heile norskekysten og ei stor barriere både for næringstransport, passasjertransport og turisme. Stad skipstunnel har brei støtte både politisk og i næringslivet.

### Status i prosjektet:

Stad skipstunnel ligg inne i grunnlagsdokumentet for Nasjonal Transportplan 2018-2029 under føresetnad om at investeringsmodellen «høg ramme» vert lagt til grunn.

Samferdsledepartementet sende bestilling av forprosjekt, reguleringsplan og konsekvensutgreiing til Kystverket 18. februar 2015.

Reguleringsplanarbeidet er i gang og er venta ferdig vinteren 2017. Tekniske forprosjekt skal etter planen vere ferdige innan nyttår 2016. I utgangspunktet skal prosjektet etter dette gjennom ei ekstern kvalitetssikring (KS2) før saka går til handsaming i Stortinget.

Ei utfordring prosjektet har møtt på er at kvalitetssikringa av konseptvalutgreiinga (KS1) påpeikar at ein i utrekninga av samfunnsøkonomisk lønsemd i prosjektet har utelatt å talfeste ein del viktige nytteeffektar av tunnelen. KS1 hevdar vidare at desse effektane må vurderast til høgare enn 55 millionar kroner årleg for at prosjektet skal vere samfunnsøkonomisk lønsamt.

Ei samfunnsøkonomisk analyse utført av SINTEF Bedriftsutvikling i 2012 identifiserer på den andre side ei rekke prissette nytteeffektar av tunnelen som totalt utgjer ei positiv nytt på 75-100 mill. kr, det vil sei langt over terskelverdien som vert trekt fram i KS1.

Ein av desse positive nytteverdiene identifisert av SINTEF er gevinstar knytt til etablering av hurtigbåtforbindelsar nord og sør for skipstunnelen.

Det er no svært viktig å gjere det vi kan for å få prosjektet over i neste fase og unngå alle unødvendige hinder. Sogn og Fjordane fylkeskommunen har ikkje høve til å gjere eit forpliktande økonomisk vedtak for å støtte opp om ein slik forbindelse utan at vi kjenner den reelle kostnaden ved eit slikt tilbod. I fyrste omgang må vi difor gjere eit vedtak om å få greidd ut heile omfanget av å opprette ein hurtigbåtforbindelse mellom Bergen og Ålesund.



## Saksprotokoll

**Organ:** Fylkesutvalet

**Møtedato:** 23.11.2016

**Sak nr.:** 16/2313-6

**Internt l.nr.** 40206/16

**Sak:** 125/16

**Tittel:** Stad skipstunnel - Intensjonsvedtak om utgreiing

**Behandling:**

**Dette gir følgjande endeleg vedtak:**

1. Fylkesutvalet i Sogn og Fjordane stiller seg positive til å greie ut moglegheita for ein hurtigbåtforbindelse mellom Bergen og Ålesund.
2. Fylkesutvalet er innstilt på å starte dette arbeidet når Stortinget har gjort forpliktande vedtak om bygging av Stadt Skipstunnel, og vil dekke høvesvis 1/3 av utgreiingskostnaden knytt til etablering av eit eventuelt hurtigbåttilbod Bergen-Ålesund.
3. Fylkesutvalet føreset at Hordaland og Møre og Romsdal gjer likelydande vedtak og tek resterande utgreiingskostnadar.



Arkivnr: 2015/7-11  
Saksbehandlar: Bjørn Inge Midtgård

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Utval for miljø og samferdsel		07.02.2018
Fylkesutvalet		21.02.2018

## Utgreiing om snøggbåtsamband mellom Bergen og Ålesund

### Samandrag

Fylkesordførar i Sogn og Fjordane har i brev frå 4.10.2017 oppmoda Hordaland fylkeskommune om å løyva midlar til å utgreia eit snøggbåtsamband mellom Bergen og Ålesund gjennom Stad skipstunnel. Møre og Romsdal fylkeskommune og Sogn og Fjordane fylkeskommune har gjort vedtak om å løyva midlar til ei slik utgreiing. Det har tidlegare vore samtalar på fylkesordførarnivå om ei slik utgreiing.

Det er viktig å få meir kunnskap om potensialet for persontrafikk gjennom Stad skipstunnel. Fylkesrådmannen rår til at fylkesutvalet løyver 1/3 av kostnaden, inntil kr. 300 000, til ei utgreiing av snøggbåtsamband mellom Bergen og Ålesund, i samband med realiseringa av Stad skipstunnel. Løyvinga vert finansiert over samferdselsbudsjettet for 2018.

**Økonomi:** *Utgreiinga i seg sjølv har liten økonomisk effekt*

**Klima:** *Utgreiinga i seg sjølv vil ikkje ha nokon klimaeffekt*

**Folkehelse:** *Utgreiinga i seg sjølv vil ikkje ha nokon effekt på folkehelsa*

**Regional planstrategi:** *Mål om samarbeid i ein sterk Vestlandsregion*

### Forslag til innstilling

Fylkesutvalet løyver 1/3 av kostnaden, inntil kr. 300 000, til ei utgreiing av hurtigbåtsamband mellom Bergen og Ålesund, i samband med realiseringa av Stad skipstunnel. Løyvinga vert finansiert over samferdselsbudsjettet for 2018.

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Håkon Rasmussen  
fylkesdirektør samferdsel

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

Vedlegg

- 1 Stad skipstunnel - intensjonsvedtak om utgreiing
- 2 intensjonsvedtak Møre og Romsdal.pdf
- 3 Intensjonsvedtak Sogn og Fjordane.pdf


**Fylkesrådmannen, 23.01.2018**

### **Bakgrunn**

Fylkesordførar i Sogn og Fjordane har i brev frå 4.10.2017 oppmoda Hordaland fylkeskommune om å løyva midlar til å utgreia eit snøggbåtsamband mellom Bergen og Ålesund gjennom Stad skipstunnel. Møre og Romsdal fylkeskommune og Sogn og Fjordane fylkeskommune har gjort vedtak om å løyva midlar til ei slik utgreiing. Det har tidlegare vore samtalar på fylkesordførarnivå om ei slik utgreiing.

### **Stad skipstunnel**

Stad skipstunnel er fullfinansiert i Nasjonal transportplan (2018-2023), og med byggstart i første seksårsperiode (2018-2023). Styringsunderlag og kvalitetssikring for Stad skipstunnel er hausten 2017 sendt til ekstern kvalitetssikring (KS2). Det er venta at KS2 rapporten ligg føre våren 2018. Deretter skal prosjektet opp i Stortinget for endeleg vedtak om investering.



Bygging av Stad skipstunnel vil gjera det mogleg å etablera eit snøggbåtsamband mellom Nordfjord og Sunnmøre. Verdien av nyskapt trafikk med hurtigbåt er rekna til å vera den største nyttekomponenten i den samfunnsøkonomiske analysen for Stad skipstunnel.<sup>1</sup>

### **Vedtak i Sogn og Fjordane og i Møre og Romsdal**

Fylkesutvalet i Møre og Romsdal løyvde i møte i fylkesutvalet 22.11.2016 inntil 300 000 kroner til utgreiing av snøggbåtsamband mellom Bergen og Ålesund, i samband med realiseringa av Stad skipstunnel. Vedtaket er gjort med atterhald om at Hordaland og Sogn og Fjordane fylkeskommunar gjer likelydande vedtak.

Fylkesutvalet i Sogn og Fjordane vedtok 23.11.2016 å dekkja 1/3 av utgreiingskostnaden knytt til etablering av eit eventuelt snøggbåttillbod mellom Bergen og Ålesund. Fylkesutvalet føresette at Hordaland og Møre og Romsdal gjer likelydande vedtak og tek resterande utgreiingskostnader .

### **Fylkesrådmannen sine merknader**

Fylkesrådmannen viser til at Hordaland fylkeskommune i lengre tid har støtta prosjektet Stad skipstunnel. Persontrafikk er vurdert til å vera ein stor nyttekomponent i den samfunnsøkonomiske analysen for skipstunellen. Det er viktig å få meir kunnskap om potensialet for persontrafikk gjennom Stad skipstunnel. Fylkesrådmannen rår til at fylkesutvalet løyver 1/3 av kostnaden, inntil kr. 300 000, til ei utgreiing av snøggbåtsamband mellom Bergen og Ålesund, i samband med realiseringa av Stad skipstunnel. Løyvinga vert finansiert over samferdselsbudsjettet for 2018. Det vert seinare avklara på administrativt nivå kva fylkeskommune som skal leia dette utgreiingsarbeidet.

<sup>1</sup> Sjå: [http://skipstunnel.no/wp-content/uploads/2017/01/ks1\\_stad\\_skipstunnel\\_frokostm\\_te\\_mai\\_einar\\_bowitz.pdf](http://skipstunnel.no/wp-content/uploads/2017/01/ks1_stad_skipstunnel_frokostm_te_mai_einar_bowitz.pdf)

## **Saksprotokoll i fylkesutvalet - 22.02.2018**

Innstillinga fekk 13 røyster (H, V, MDG, SV, Sp, KrF, A) og vart vedteken.

### **Vedtak**

Fylkesutvalet løyver 1/3 av kostnaden, inntil kr. 300 000, til ei utgreiing av hurtigbåtsamband mellom Bergen og Ålesund, i samband med realiseringa av Stad skipstunnel. Løyvinga vert finansiert over samferdselsbudsjettet for 2018.



Møre og Romsdal  
fylkeskommune

## saksframlegg

Dato:	Referanse:	Vår saksbehandlar:
21.11.2016	118254/2016	Robert Løvik

Saksnr  
**U 140/16**

Utval  
Fylkesutvalet

Møtedato  
22.11.2016

### **Stad skipstunnel - Intensjonsvedtak om utgreiing av hurtigbåtsamband Bergen- Ålesund**

#### **Bakgrunn**

Fylkesutvalet i Sogn og Fjordane får i sitt møte 23. november 2016 lagt fram følgjande forslag frå fylkesordføraren:

1. Fylkesutvalet i Sogn og Fjordane stiller seg positive til greie ut moglegheita for ein hurtigbåtforbindelse mellom Bergen og Ålesund.
2. Fylkesutvalet er innstilt på å starte dette arbeidet når Stortinget har gjort forpliktande vedtak om bygging av Stadt Skipstunnel, og vil dekke høvesvis 1/3 av utgreiingskostnaden knytt til etablering av eit eventuelt hurtigbåttilbod Bergen-Ålesund.
3. Fylkesutvalet føreset at Hordaland og Møre og Romsdal gjer likelydande vedtak og tek resterande utgreiingskostnadar.

Prosjektet er knytt til realisering av Stad skipstunnel. Vedlagte saksframstilling gjer greie for framdrifta i prosjektet, mellom anna for konseptutvalutgreiing kor samfunnsøkonomisk nytteeffekt inngår. Her blir eit eventuelt hurtigbåtsamband Bergen-Ålesund trekt fram.

Sogn og Fjordane fylkeskommune tek no initiativ til å få utgreidd kostnadane omkring eit slikt tilbod, og vil dekke 1/3 av kostnadene føreset at Hordaland og Møre og Romsdal fylkeskommunar gjer det same.

#### **Vurdering**

Fylkesrådmannen støttar initiativet som Sogn og Fjordane har tatt. Fylkesrådmannen er samd i at prosjektet Stad skipstunnel er viktig, og at dette viser moglegheitene som prosjektet gjev. Dette set vilkår om utgreiing av kostnadane.

Fylkesrådmannen tilrår at fylkesutvalet løyver inntil 300 000 kroner frå reserveposten.

#### **Forslag til vedtak:**

Møre og Romsdal fylkeskommune løyver inntil 300 000 kroner til utgreiing av hurtigbåtsamband mellom Bergen og Ålesund, i samband med realiseringa av Stad skipstunnel.

Vedtaket blir gjort med atterhald om at Hordaland og Sogn og Fjordane fylkeskommunar gjer likelydande vedtak.

Løyvinga blir å dekke av fylkesutvalet sin reservepost. Til rest etter løyvinga er 290 000 kroner.

Ottar Brage Guttelvik  
fylkesrådmann

Vedlegg

1 Saksframlegg frå Sogn og Fjordane

**Samrøystes vedtak i Fylkesutvalet - 22.11.2016**

Møre og Romsdal fylkeskommune løyver inntil 300 000 kroner til utgreiing av hurtigbåtsamband mellom Bergen og Ålesund, i samband med realiseringa av Stad skipstunnel.

Vedtaket blir gjort med atterhald om at Hordaland og Sogn og Fjordane fylkeskommunar gjer likelydande vedtak.

Løyvinga blir å dekke av fylkesutvalet sin reservepost. Til rest etter løyvinga er 290 000 kroner



## Notat

Dato: 11. mai 2018

Arkivsak: -

Saksbehandlar: Matti Torgersen

---

Til: Samferdselsgruppa i Vestlandsrådet

---

Frå: Hordaland fylkeskommune

---

### Utkast til mandat for forprosjekt hurtigbåt Bergen-Ålesund

#### Bakgrunn

I dag går det snøggbåtrute mellom Bergen og Selje med ein frekvens på ein til to daglege avgangar i kvar retning. Reisa tek om lag 5 timar. Mellom Selje og Ålesund er det i dag ikkje hurtigbåttilbod.

Stad skipstunnel er fullfinansiert i Nasjonal transportplan (2018-23 med byggjestart i første seksårsperiode (2018-23). Bygging av Stad skipstunnel vil gjere det mogleg å etablere eit snøggbåtsamband mellom Nordfjord og Sunnmøre. Denne vil kunne «lime saman» Vestlandskysten, og vil kunne gje ein utvida bu- og arbeidsmarknadsregion mellom Ålesund og Nordfjord. Eit samband kan også ha stort potensiale for reiselivet. Verdien av nyskapt trafikk med hurtigbåt er rekna til å vere den største nyttekomponenten i den samfunnsøkonomiske analysen for Stad skipstunnel i følge KS1 rapporten frå Holte Consulting og Pöyry.

Ut i frå denne bakgrunn har dei tre fylkeskommunane Hordaland, Sogn og Fjordane og Møre og Romsdal løyvd midlar til utgreiing av eit mogleg snøggbåtsamband mellom Bergen og Ålesund i samband med realisering av Stad skipstunnel.

#### Samfunns mål for prosjektet

Knyte saman og bidra til utvida bu- og arbeidsmarknadsregionar langsetter Vestlandskysten.

#### Effekt mål

- Avklare marknadsgrunnlag for eit hurtigbåtsamband mellom Bergen og Ålesund
- Skissere rutetilbod og finansieringsopplegg

#### Sentrale delmål:

- Utvikle eit konkurransedyktig konsept både for korte og lange turar
- Gje eit samanhengande rutenett med gode overgangsordningar med anna kollektivtrafikk, og med anna trafikk
- Avgrense miljøulempene og klimagassutslepp

#### Strategiske føringar

Utgreiinga skal ta utgangspunkt i dei strategiske føringane som ligg i fylka sine regionale planar og trafikkplanar for båt.

Arbeidet må koordinerast med utlysing av framtidige snøggbåtsamband i fylkeskommunane. Utgreiinga må ta omsyn til dette, og vurdere korleis dette kan løysast i praksis.

#### Utgreiingstema

Utgreiinga skal:

- Vurdere marknadssegment for båtsambandet
- Vurdere reisegrunnlag og transportbehov for sambandet.
- Estimere passasjergrunnlag, både totalt og på dei ulike delstrekningane.
- Utarbeide framlegg til rutestruktur med reisetider og anløpsstader. Det skal leggjast vekt på god tilknytning til anna rutenett (båtruter, ferje og buss) og til passasjerpotensiale.
- På overordna nivå vurdere behov for tiltak på anløpsstader, både eksisterande og eventuelle nye stader. Det skal i denne samanheng sjåast på:
  - Kaianlegg og teknisk infrastruktur inkludert energiforsyning
  - Tiltak på land, som venteareal, overgang til anna kollektivtrafikk, parkering og eventuelle servicetilbod.
- Vurdere kapasitetsbehov for båtane som skal trafikkere sambandet.
- Utgreie kva framdriftsteknologi og fartsnivå som kan vere aktuell for eit slikt samband.
- På overordna nivå estimere inntektsgrunnlag og kostnader til drift og investering.

### Leveranse

Leveranse vil vere ein rapport med vurdering av marknadsgrunnlag og finansieringsopplegg for eit hurtigbåtsamband mellom Bergen og Ålesund. Rapporten skal kome med ei tilråding til om det bør etablerast eit hurtigbåtsamband på strekninga ut i frå ei vurdering av marknadsgrunnlag, kostnader, utslepp og andre miljøulemper. Rapporten vil inngå som beslutningsgrunnlag for fylkeskommunane og for Vestlandsrådet.

### Organisering

Vestlandsrådet er prosjekteigar for prosjektet. Vestlandsrådet har ansvar for politisk koordinering og for å arbeide med rammevilkår for etablering av hurtigbåtsamband.

Fylkeskommunane har ansvar for å lyse ut sambandet, og har ansvar for planlegging og finansiering av tilbodet.

Styringsgruppe for prosjektet er samferdslegruppa til Vestlandsrådet, beståande av samferdsledirektørane. Ein av fylkeskommunane har ansvar for kontakt og dialog med konsulent under vegs. (MÅ AVKLARAST).

Oppdraget blir lyst ut som open anbodskonkurrans under nasjonal terskelverdi gjennom Doffin.

Leverandør må kome med framlegg til organisering og gjennomføring av arbeidsprosessen, inkludert medverknadsarenaer. Det må vere dialog under vegs med kommunane som er aktuelle for anløp, statsetatar og med reiselivsnæringa.

### Framdrift

Prosjektet blir lyst ut i august 2018 med sikte på tildeling tidleg i september 2018. Leveringsfrist vert 1. februar 2019.